



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:
29.04.2021

Dykkar dato:
06.04.2021

Vår ref:
2021/5530

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til dispensasjon for kai og flytebrygge - Alver - 62/66, 62 - Tofting

Vi viser til brev frå kommunen datert 06.04.202. Saka gjeld søknad om felles kaifront med tilhøyrande flytebrygge. Kaifront og flytebygge må sjåast i samanheng med søknad om kaifront og flytebrygge for gnr. 62 bnr. 67 som er sendt på høyring samtidig.

Slik kommunen forstår sakene, er dei så og seie identiske. Det som ser ut til å vera forskjellen er at det er søkt om ei frittståande flytebrygge knytt til gnr. 62 bnr. 67, mens det i denne saka er opplyst at flytebrygge som ligg utanfor gnr. 62 bnr. 66 det skal vera ei flytebryggje knytt til begge nausta.

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Toftingeset Disp.plan. Del av gnr. 62 bnr. 3 (planID: 1263-20061969) er definert som naust. I kommuneplan for tidlegare Lindås kommune kjem det fram under punkt 4.5. at planen gjeld med suppleringar/endringar av kommuneplanen sine føresegner der reguleringsplanen ikkje har eigne føresegner om teamet.

I gjeldande kommuneplan er arealet avsett til fritidsbustad og det er byggegrense som er samanfallande med eigedomsgrensene for nausttomta. Arealet der det er planlagt kaifront er avsett til «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» i gjeldande kommuneplan.

Det er søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 og frå arealformål i sjø i kommuneplanen for Lindås for plassering av kaifront med tilhøyrande flytebrygge. Kommunen må vurdere om det også er naudsynt med dispensasjon for formål på land.

Det er også søkt om dispensasjon frå vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

Statsforvaltaren si vurdering

Dispensasjon frå marint verneområde

Det er opplyst i søknaden at tiltaka går til maksimalt ein meter under sjøkart null. Om dette er riktig er det ikkje naudsynt med dispensasjon frå «Forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine



verneområde i Alver og Austrheim kommunar, Vestland fylke». Verneområdet er avgrensa mot land 2 meter under sjøkart null jf. § 2 [forskrift for vern av Lurefjorden og Lindåsosane](#).

Dispensasjon frå kommuneplanen

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Området er del av eit smalt sund og kommunen må særleg vurdere tiltakas verknad for landskap og friluftsliv i området. Vi tenker særleg på friluftslivet på sjøen.

I dette området opnar reguleringsplanen for ei naustrekke på 7 naust. Det er no bygd eit naust og søkt om eit til. Dispensasjonar for kai og flytebryggje i desse sakene vil påverke vurderingar for dispensasjonar for tilsvarande tiltak for heile naustrekka. Kommunen bør difor vurdere om det er ei betre løysning å vurdere tiltaka som del av ein reguleringsendring.

Reguleringsplanen for Toftingneset er ein eldre reguleringsplan frå 1969, og ein kan stille spørsmål om planen i naudsynt grad er oppdatert jf. pbl § 12-4 femte ledd. Om den ikkje er det, kan ein ikkje bygge etter han. Dette er relevant for vurderingane kring dispensasjon for kai og flytebrygge med tanke på presedens, og om det er hensiktsmessig med ei reguleringsendring.

Statsforvaltaren ber om å få saka til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN